# Alerten

Meldingslapp for Åsane Bridgeklubb

Nr 3. – 17. jan 2012

12. årg.


## Vinterturnering, kveld 1 av 7 - 10. januar

| | A-pulje 10. januar | Score | Prosent | Klp | Premie |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Lisbeth K. Glærum - Helge Toft | 71,6 | 68,93 % | 42 | 100 |
| 2 | Hans Olaf Hansen - Finn Eriksen | 43,7 | 61,56 % | 28 | 90 |
| 3 | Sigmund Sæbø - Sigrun Reigstad | 22,7 | 55,99 % | 19 | 80 |
| 4 | Terje Grefstad - Sigbjørn Svisdal | 18 | 54,76 % | 13 | |
| 5 | Steinar Kyrkjebø - Tor Grimstad | 10,3 | 52,72 % | 9 | |
| 6 | Oddvar Melchersen - Rolf Skaar | 6,1 | 51,62 % | 6 | |
| 7 | Theo Linge - Sigfred Gjerde | 2,1 | 50,57 % | 4 | |
| 8 | Kjell Asbjørn Helland - Vidar Kjøraas | -1,1 | 49,70 % | | |
| 9 | Knut Brænden - Jan Thorbjørnsen | -8 | 47,87 % | | |
| 10 | Gerhard Leiten - Terje Nilsen | -8,8 | 47,66 % | | |
| 11 | Harald Fløysand - Jon Steinar Dale | -10,1 | 47,32 % | | |
| 11 | Elisabeth Eikeland - Ragnar Tveit | -10,1 | 47,32 % | | |
| 13 | Martin Ivar Henden - Jostein Obrestad | -12,9 | 46,60 % | | |
| 14 | Henry Wathle - Bjørg Brynie | -18 | 45,24 % | | |
| 15 | Sven Haukenes - Agnar Kronen | -20,3 | 44,64 % | | |
| 16 | Daniel Bjørgo - Vegard Hermansen | -41,9 | 38,93 % | | |
| 17 | Harald Bastiansen - Per Halvorsen | -45,2 | 38,05 % | | |
| | **B-pulje 10. januar** | **Score** | **Prosent** | **Klp** | **Premie** |
| 1 | Arne Birger Nævdal - Otto Sæterdal | 30,1 | 61,15 % | 20 | 100 |
| 2 | Turid Tøsdal - Berit Rødland | 29,6 | 60,96 % | 14 | 90 |
| 3 | Astrid Nygaard - Per Nygaard | 17,3 | 56,42 % | 10 | |
| 4 | Einar Sætre - Ottar Eide | 3,8 | 51,42 % | 7 | |
| 5 | Kari Matre - Joar Helle | 3,6 | 51,33 % | | |
| 6 | Kåre Underhaug - Randi Jensen | 0,7 | 50,25 % | | |
| 7 | Alf Selvik - Erling Skiple | 0,5 | 50,17 % | | |
| 8 | Arvid Menes - Sigurd Heggelund | -2,3 | 49,17 % | | |
| 9 | Sigrid Aske - Brit Bratland | -2,7 | 49,00 % | | |
| 10 | Sina Underhaug - Laila Stokke Jacobsen | -10,1 | 46,25 % | | |
| 11 | Knut Andersen - Oddbjørn Småland | -11 | 45,93 % | | |
| 12 | Charles Uthaug - Borgny Pedersen | -28,1 | 39,58 % | | |
| 13 | Hans E Seim - Svein Åge Blomberg | -37,8 | *36,00 %* | | |

## Skeive hender

***Mange meiner at det er i overkant med skeive fordelingar, diverre har me ingen analyse, men tek med nokre døme frå sist tysdag:***

Du sit Vest med denne handa:

♠ -
♥ D J 10 9 7 5 3
♦ K D 10 5 3
♣ 7

Ingen er i sonen, og makker opnar med 1 spar etter pass få Nord. Syd passar og du melder 2 hjarter. Etter pass frå Nord melder makker 3 ruter, Syd passar og det er din tur. Kva tenkjer du no?
Min gode makker, Tor Grimstad, tenkte høveleg lenge, og fann så fram 6 ruter frå meldeboksen. Kløver Ess med hjarterskift kom ut frå Syd, og eg kunne innkassere ein rein topp, korta mine var:

♠ E K J 8 7 2
♥ E
♦ E 7 4 2
♣ J 8

Tor tok ein sjanse, men korleis finne slemmen elles? Via Blackwood kunne han sjølsagt finne ut at me mangla eit Ess, men kva så? Nei, stundom lyt ein ta ein kalkulert sjanse – denne gongen gjekk det bra!

Eit anna spel med skeiv fordeling var dette:

| Nord: | | Syd: | |
|---|---|---|---|
| | ♠ - | | ♠ E K D 6 4 2 |
| | ♥ E K J 9 8 6 5 4 | | ♥ 10 |
| | ♦ K J | | ♦ 10 8 6 5 |
| | ♣ 10 7 3 | | ♣ E J |

Fleirtalet (dei klokaste?) kom i kontrakten 4 hjarter med eitt overstikk, 2 optimistar freista 6 NT og gjekk hhv 5 og 6 beit med sløyfe, ikkje greitt å få godspelt hjarterfargen når Øst sat med dama tredje i hjarter og Ess – Dame i ruter!


*Åsane Bridgeklubb, Postboks 59 Nyborg, 5879 BERGEN. Bank: 5083.05.80317 - Web: www.aasanebk.no*
*Spelekveldar i Åsatun: Tirsdagar kl 18.30. Turneringsleiar: (Varierer) Regnskapssjef: Hege Johansen*

# Skeive hender – litt meir

## Litt statistikk:

Av dei 27 spela sist tysdag var det 3 med lengste farge 8 kort, 2 av desse med kortaste farge på 1 kort (singelton) og 1 med renons.
Eitt spel hadde lengste farge 7 kort, kortaste farge var her renons.
8 spel hadde lengste farge 6 kort, av desse var eitt med kortaste farge 2 kort, 6 med 1 kort og eitt med renons.
13 spel hadde lengste farge 5 kort, av desse hadde 4 kortaste farge 2 kort, 8 hadde 1 kort og eitt renons.
Endeleg hadde 2 spel lengste farge 4 kort, begge med kortaste farge 2 kort.

Ser ein på statistikken over dei 27 x 4 = 108 fargefordelingane, ser det slik ut:

| Lengste farge | Antal | Verkeleg % | Teoretisk % |
|---|---|---|---|
| 4 | 47 | 43,5 % | 35,10 % |
| 5 | 44 | 40,7 % | 44,20 % |
| 6 | 13 | 12,0 % | 16,80 % |
| 7 | 1 | 0,9 % | 3,50 % |
| 8 | 3 | 2,8 % | 0,47 % |

Her ser ein at det er ikkje meir skeivheiter enn det ein kunne vente – ein kan legge merke til at det er om lag 4 % sjanse for at det dukkar opp ei hand med ein farge på meir enn 6 kort, og at talet på 6-kortsfargar og meir er om lag det sannsynlegheita skulle tilseie.

Nok om statistikk, me skal ta med ei skeivfordeling til frå tysdag (Spel 14, Øst gir, Øst-Vest i sonen):

Nord
♠ D J 10 9 5 2
♥ K D 9 6
♦ 3 2
♣ 10

Vest
♠ 7 3
♥ E J 5 4
♦ 9
♣ E D 8 7 3 2

Øst
♠ E
♥ 8 2
♦ E K D J 7 6 5 4
♣ 5 4

Syd
♠ K 8 6 4
♥ 10 7 3
♦ 10 8
♣ K J 9 6

Med leiaren som makker i Vest streva Jon Steinar seg til topps i kontrakten 7 ruter. Mest frekvent var grandkontrakt i Øst på 3-, 4-, 5-, og 6-trinnet med 11 stikk som resultat, men forutan den sjanserike storemompen som måtte gå beit, var det sluttkontrakter i ruter på 3- og 5-trinnet….

# Spelekveldane frametter:

***Det vert spela ei 7-kvelds turnering 10. januar – 21. februar (eigentleg 7 einkvelds).***
***Pulje A er open – dvs at dei som ønskjer spelar i denne puljen.***
***Pulje B er "beskytta", berre dei med maks ruternål (evt. med stjerne) får delta her. Dei med hjarternål eller betre lyt spele i A-puljen, dispensasjon kan gjevast i serlege tilfelle.***
***Kveldspremiering samt beste 4 %-score samanlagt på indivduell basis. Dette gir høve til sydentur eller influensa for deg eller din favorittmakker: De kan likevel kjempe i teten!***

## Tid for kontingent




Medlemskontingen for 2012 må betalast snarast.

Satsane (senior) er:

Kr 500,- + evt kr 500 for spillerlisens - inklusive kontingent til krets og forbund.

Kr 150,- for klubbmedlemskap, eksklusive NBF/krets-kontingent. - Forutsetter hovedmedlemskap i annen klubb, og gir ikke rett til representasjon for Åsane BK/NBF-Hordaland.



Betal snarast til kontonr 5083.05.80317 (eller kontant til Vidar)